



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Servicerommet ved Tanum kyrkje
Møtedato:	14.03.2018
Tid:	18-21
Deltakarar:	Kjell Nilsen, Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid. Forfall: Arne H Hansen
SAKLISTE NR:	3/2018

Innkallinga godkjent og møtet sett med ny sak 31/18: KONFIRMASJONSDATOAR 2019 og tre nye meldingar under SAK 32/18: MELDINGAR

SAK 24/2018 **SAMTALE MED TRUSOPPLÆRAR 13-18 ÅR HÅKON AUDUN SVEEN**

Etter årsplanen var Håkon Audun Sveen invitert til ein halvtimes samtale om trusopplæringa for årsgruppa 13-18 år. Vi hadde ei god samtale med Håkon Audun om det løpande arbeidet og der han særleg orienterte om arbeidet med konfirmantane og Tensing.

SAK 25/2018 **GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 14.02.2018, saksliste 2/2018**

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Olin Ambjørnsen og Elisabet Romøren

SAK 26/2018 **ØKONOMI/BUDSJETT/SÅMANNEN. Sjø sak 08/2018, 15/2018 og 90/2017.**

Felles AU den 8.2.18 foreslo å halvere stønaden til Såmannen etter same fordelingsnykjel som før, dvs at den ordinære stønaden blir på kr 52.500, 15.000 frå Tanum, 12.500 frå Berg og 9.000 frå Kjose, samt offer 12.500 (Tanum), 10.000 (Berg) og 2.500 (Kjose).

Vedtak: Budsjettet for Såmannen for 2018 blir slik vi vedtok i menighetsrådets budsjettvedtak den 13.12.2017 (kr 15.000 frå Tanum).

SAK 27/2018 **TAKKEGÅVE TIL LEIF INGE GUSLAND Sjø sak 60/2017, 73/2017 punkt 1 og referat frå felles AU den 8.2.2018.**

Vedtak: Vi stør felles AU sitt forslag og løyver kr 1000 frå Tanum som takkegåve til Leif Inge Gusland for vel utført arbeid som rekneskapsførar for Såmannen gjennom mange år.

SAK 28/2018

MENIGHETSRÅDETS VURDERINGAR AV ØKONOMISJEFENS KOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAP 2017. Sjå sak 18/2018, 20/2018 og e-post frå økonomisjef Tor Bakken datert 31.01.2018.

Vedtak: Vi tek økonomisjefens avsluttande merknader til etterretning for punkt 1: Spørsmålet om økonomisk løyving til Såmannen og punkt 2: Spørsmålet om å avskrive dei eldste bokførte fordringane.

Punkt 3, bruk av pengar til barne-og ungdomsarbeid vil vi vurdere i samband med budsjettet til neste år.

SAK 29/2018

REVIDERT BUDSJETT FOR NYTT ORGEL TIL TANUM KYRKJE

Sjå vedlegg.

Vedtak: Tanum menighetsråd aksepterar forslaget frå konsulent Halvard Brattvoll av 13.02.2018 om revidert budsjett for nytt orgel til Tanum kyrkje.

SAK 30/2018

FULLFINANSIERING AV NYTT ORGEL TIL TANUM KYRKJE

Ein viser til:

- Tidlegare saker som gjeld nytt orgel, seinast sak 23/2018, punkt 3
- Oversikt over totalkostnadene for nytt orgel v/Halvard Brattvoll
- Retningsliner for Tanum menighetsråd for disponering av den testamentariske gåva (27.09.1999)
- Status for kontoen pr 01.01.2018
- Søknad frå AU v/Kari Espelid datert 02.03.2018

Saksutgreiing: I høve til tidlegare informasjon er MR kjent med at totalkostnadene for nytt orgel vil overstige den ramma som LKFR har sett av til prosjektet (kr 4,5 mill). MR har ved fleire orienteringar om dette uttrykt at vi er viljuge til å ta ansvaret for meirkostnadene som vil koma for å oppretthalde storleiken på orgelet (19 stemmer). Her er også nokre mindre (variable) forhold med tanke på valutakurs m.m. Ut frå totalkostnadene, vurdert av Halvard Brattvoll, dreiar dette seg om ca kr 600.000.

MR har alt snakka om fleire måtar å finansiere store delar av denne summen på. Orgelkomitéen skal ha kontraktsmøte med leverandør 18.04.2018. Før denne datoen må ein vera sikker på å ha dekning for totalkostnadene.

AU foreslår derfor at MR gjer vedtak om å disponere inntil kr 600.000 frå kontoen vi har etter den testamentariske gåva på slutten av 1990-talet. AU vurderar at orgelprosjektet ligg innafør rammene av gåvekontoen.

Vedtak, einstemmig: I høve til statuttane for den testamentariske gåva, løyver vi inntil kr 600.000 for å dekke meirkostnadene som vil koma ved å skaffe nytt orgel til Tanum kyrkje. Den endelege summen som skal hentast frå gåva avheng av sluttrekneskapet for orgelprosjektet.

SAK 31/2018

KONFIRMASJONSDATOAR 2019

Vedtak: Laurdag 4.mai, søndag 5. mai og laurdag 11. mai.

SAK 32/18

MELDINGAR

1. Varsel om ny menighetsrådssak i april: Ny biskop i Tunsberg.
2. Kirkens SOS. Viktig representantskapsmøte i Tønsberg 29.05.2018.
3. Møte i orgelkomiéen 01.03.2018.
4. Brev frå Kyrkjerådet om supplerande nominasjon til ny biskop i Tunsberg.
5. Tanum kyrkje vil bli stengt i heile november 2018 pga utskifting av det elektriske anlegget, inklusive nytt varmeanlegg. Blir sett opp som sak på neste møte.
6. Fasteaksjonen med konfirmantane tysdag 20. mars.